



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2021/2130-58

Saksbehandler: Sander Lilleslett

Kommuneplanen sin arealdel for Gol - vurdering av innspel som kom under offentlig ettersyn

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet og Kommuneplanutvalet	

Kommunedirektøren si innstilling

I

Følgande innspel blir lagt inn i kommuneplanen på vilkår av at konsekvensutgreiing er ok:

- Samanhengande skiheissystem på Golsfjellet
- Storefjell, 24/65

Ved å legge inn innspela er kommuneplanutvalet inneforstått med at kommuneplanen truleg må leggest ut til nytt offentlig ettersyn.

II

Følgande innspel blir teke ut av kommuneplanen og tilbakeført til LNF-område:

- 5.15 GolfAlpin

III

Resterande innspel blir avslått.

Saksdokument

1	Gnr. 25, bnr. 27 - klage på vedtak i samband med planprosess - revisjon kommuneplanens arealdel	25.05.2021	Rolf Blakkestad
2	Innspel til kommuneplanens arealdel - utviding av eksisterande masseuttak i Åsgardane	27.05.2021	ASPLAN VIAK AS AVD ÅL
3	Uttale til Revisjon av kommuneplanen sin arealdel	10.06.2021	Sølvi Morvik
4	Innspel til revisjon kommuneplanens arealdel	07.06.2021	Sven Gøran Bråthen m.fl.

	etter førstegangsbehandling omregulering av areal gnr. 5, bnr. 26		
5	Planinitiativ - Detaljregulering gnr. 25, bnr. 4 Golberg	01.06.2021	Ingar Dalen AS
6	Gnr. 13, bnr. 20 - Bualie - Momenter til 1. gangs behandlingen av kommuneplanens arealdel	30.04.2021	Allan Hjorth Jørgensen
8	Uttalelse til høring - Gol - kommuneplan sin arealdelen	11.06.2021	STATSFORVALTEREN I INNLANDET
9	Uttale til revisjon av kommuneplanens arealdel - Gol kommune	11.06.2021	Heidi Mathea Henriksen
10	Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033	13.06.2021	Ole Vidar Liahagen
11	Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033	12.06.2021	Reidar Knaldre
12	Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033	12.06.2021	Ola Halvard Jorde
13	Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033	12.06.2021	NARVESET SAMEIGE DA
14	Innspel til føresegnene til arealdelen 2021	14.06.2021	Sander Lilleslett
15	Innspel til revisjon kommuneplanens arealdel - gnr. 23, bnr. 11, gnr. 13, bnr. 92 og utviding av Oset hyttefelt	10.06.2021	ASPLAN VIAK AS
16	Klage på vedtak - revisjon kommuneplanens arealdel 2021-2033 - gnr. 12, bnr. 2	13.06.2021	Marianne Dahlen
17	Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033 - Nystølfjellet	14.06.2021	ASPLAN VIAK AS AVD ÅL
18	Revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2021 – 2033 - ber om utsett frist for uttale	14.06.2021	DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD
19	Innspel til revisjon kommuneplanens arealdel	14.06.2021	Gol ungdomsråd
20	Merknad til revisjon kommuneplans arealdel 2021-2033, del av gnr. 30 bnr. 3	14.06.2021	ALIVIAE AS
21	Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033	14.06.2021	TORBJØRN RUSTBERGGARD
22	Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel - båtbygger	14.06.2021	Asle Bråtalen
23	Merknad til revisjon kommuneplanens arealdel, gnr. 20, bnr. 8 og 9	14.06.2021	SOS BRANNCONSULT AS
24	Merknad til revisjon kommuneplanens arealdel, gnr. 10, bnr. 316	14.06.2021	Ivar Bjørkedokken
25	Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033	16.06.2021	TORBJØRN RUSTBERGGARD
26	Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel	13.06.2021	May Britt Grønseth
27	Fråsegn til offentlig ettersyn av revisjon av kommuneplanens sin arealdel	18.06.2021	Direktoratet for mineralforvaltning
28	Merknad til revisjon kommuneplanens arealdel 2021-2033	17.06.2021	STATENS VEGVESEN
29	Ettersending av kart over framtidige heiser og areal til alpinformål	24.06.2021	ASPLAN VIAK AS AVD ÅL
30	Kunngjøringsbrev - uttale til høring og offentlig ettersyn av kommuneplanens	28.06.2021	VIKEN FYLKESKOMMUNE

	arealdel for Gol kommune		
31	Uttale til høyring og offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel	24.06.2021	VIKEN FYLKESKOMMUNE
32	Motsegn og faglig råd til høyring av kommuneplanens arealdel	29.06.2021	STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN
33	Førebels svarbrev til innkomne innspel og merknader til kommuneplanens arealdel	05.07.2021	Gunhild Hulbak m.fl.
34	Førebels svarbrev til innkomne innspel og merknader til kommuneplanens arealdel	06.07.2021	Kjetil Golberg
35	Kommuneplanen sin arealdel for Gol - spørsmål til motsegn for manglande omsyn til samfunnstryggleik	14.10.2021	STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN
36	Revisjon kommuneplanen sin arealdel for Gol - utlegging til offentlig ettersyn	21.10.2021	FILEFJELL REINLAG ANS m.fl.
37	Spørsmål og tilbakemelding etter dialogmøte med Statsforvaltaren i Oslo og Viken	25.10.2021	STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN
38	Samanbindingsheis - Bjødnalie sak 2021/2130	28.10.2021	
39	Revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Gol - uttale til offentlig ettersyn	15.11.2021	Statsforvalteren i Trøndelag
40	Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel - Oset hyttefelt	15.11.2021	Asplan Viak
41	Forslag til løysing av motsegn til kommuneplanen sin arealdel for Gol	22.11.2021	
42	Varsel om mogleg endring av forslag til kommuneplanen sin arealdel for Gol, område Kamben	24.11.2021	Liv Randi Stensrud m.fl.
43	Tilbakemelding på varsel om mogleg endring av forslag til kommuneplanen sin arealdel for Gol, område Kamben	30.11.2021	Rita Thomassen Seigerud
44	Innsigelse på varsel om mulig endring av forslag til kommuneplanen sin arealdel for Gol, område Kamben	05.12.2021	Nina Kristin Stensrud
45	Kommuneplanen sin arealdel for Gol - svar på spørsmål etter dialogmøte med Statsforvaltaren	06.12.2021	STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN
46	Innspel til saksutgreiing - kommuneplan for Gol - Golsfjell Fjellstue	07.12.2021	HRP AS
47	Innspel 5.13 - Innspill angående nye hyttetomter på Lauvset	10.12.2021	Åsmund Hefte
48	Vedtak om mogleg endring av forslag til kommuneplanen sin arealdel for Gol, område Kamben	07.02.2022	Liv Randi Stensrud m.fl.
49	Hensynssone til høgspenlinjer - kommuneplan for Gol	26.01.2022	Hallingdal Kraftnett
50	Gbnr. 5/26 - Etterlyser svar på innspel til revisjon kommuneplanens arealdel etter førstegangsbehandling omregulering av areal	14.02.2022	Gøran Bråthen
51	Gbnr. 5/26 - Tilbakemelding - Etterlyser svar på innspel til revisjon kommuneplanens arealdel etter førstegangsbehandling omregulering av areal	14.02.2022	Gøran Bråthen
52	Trekkjer innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel	10.05.2022	HEMSEDAL HYTTETOMTER AS

53	Ynskjer møte om tomter på Røyseskogen, framtidig kommuneplan og reguleringsplan	19.05.2022	Torunn Sjølishagen
54	Ynskjer møte vedrørende tomter på Røyseskogen og framtidig kommuneplan og reguleringsplan	19.05.2022	Torunn Sjølishagen
55	Ynskjer møte vedrørende tomter på Røyseskogen og framtidig kommuneplan og reguleringsplan	19.05.2022	Torunn Sjølishagen
56	Tilbakemelding angående møte om tomter på Røyseskogen, framtidig kommuneplan og reguleringsplan	20.05.2022	Torunn Sjølishagen
57	Gbnr. 17/70 - Supplering til tidligare innsendte innspel til ny kommuneplan	31.05.2022	Puls Arkitekter AS
58	Kommuneplanen sin arealdel for Gol - vurdering av innspel som kom under offentlig ettersyn	01.09.2022	
60	Gbnr. 24/65 - Innspel for justering av plankart - Storefjell	26.04.2021	HRP

Vedlegg:

- 1 Gnr. 25, bnr. 27 - klage på vedtak i samband med planprosess - revisjon kommuneplanens arealdel
- 2 Kart
- 3 Innspel til kommuneplanens arealdel - utviding av eksisterande masseuttak i Åsgardan
- 4 Innspel til revisjon kommuneplanens arealdel etter førstegangsbehandling omregulering av areal gnr. 5, bnr. 26
- 5 Planinitiativ - Detaljregulering gnr. 25, bnr. 4 Golberg
- 6 Momenter til 1. gangs behandlingen av kommuneplanens arealdel
- 7 Kart Formålsendring 210621
- 8 Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033
- 9 Kart
- 10 Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033
- 11 Kart
- 12 Innspill til kommuneplanen.pdf
- 13 Situasjonsplan 1 2000.pdf
- 14 Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033
- 15 Supplement til innspill gnr. 23 bnr.11 m.m..pdf
- 16 Utvidelse Oset hyttefelt.pdf
- 17 Klage på vedtak - revisjon kommuneplanens arealdel 2021-2033 - gnr. 12, bnr. 2
- 18 Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel 2021-2033 - Nystølfjellet
- 19 Kart
- 20 Merknad til revisjon kommuneplans arealdel 2021-2033, del av gnr. 30 bnr. 3x
- 21 Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel - båtbyggger
- 22 Merknad til revisjon kommuneplanens arealdel, gnr. 20, bnr. 8 og 9
- 23 Kart - KP-12
- 24 Merknad til revisjon av kommuneplanens arealdel
- 25 Innspill kommuneplanens arealdel - øst for Oset hyttefelt
- 26 Kartskisse (2)
- 27 E-post - Trekkjer innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel
- 28 Detaljregulering GolfAlpin - forslag om å trekke innspel til kommuneplan

Saksopplysningar

Kommuneplanen sin arealdel for Gol 2021 – 2033 vart 1. gongs behandla av Formannskapet 15. april 2021 som sak 22/21. Planforslaget låg ute til offentleg ettersyn i perioden 1. mai til 14. juni 2021. Statsforvaltaren i Oslo og Viken og Viken fylkeskommune fremja begge motsegn til kommuneplanen. 9. desember 2021 hadde formannskapet møte, der det vart vedteke kva for innspel som administrasjonen kunne forhandle med Statsforvaltaren og fylkeskommunen om, og kva for innspel som vart fjerna frå kommuneplanen.

Samtidig som offentlege instansar kom med innspel, merknader og motsegn til planforslaget ved offentleg ettersyn, kom det også inn innspel og merknader frå mange private. Nokre merknader er merknader til planforslaget, medan andre innspel kan karakteriserast som nye arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel. Nokre ønsker å justere eller flytte innspel dei har fått avslått i grovsiling eller 1. gongs behandling, og nokre ønsker omkamp på innspel som har vorte fjerna eller redusert i grovsiling eller 1. gongs behandling.

Grovsiling av innspel til kommuneplanen sin arealdel vart vedteke av formannskapet i møte 31. oktober 2019 som sak 45/19. I grovsilinga vart 14 innspel fjerna og 7 innspel redusert. Formannskapet gjorde vidare vedtak om at arealinnspel som kjem inn etter 31. oktober 2019, blir automatisk avslått. Denne saken tek opp innspel til kommuneplan som kom inn etter denne fristen. Enkelte av innspela kan ein kanskje definere som justering av tidlegare avslåtte innspel, som gjer at innspelet ikkje lenger er i strid med overordna føringar.

Dei ulike innspela/merknadene blir delt inn i fire ulike kategoriar:

1. Omkamp på tidlegare avslått/ redusert innspel
2. Nytt innspel
3. Justering/flytting av tidlegare avslått/ redusert innspel
4. Ønske om å fjerne innspel som har vorte lagt inn i kommuneplanen.

I kategori 1, omkamp, vil administrasjonen sjå om det er nye moment som gjer at ein kan forsvare å ta innspelet inn i kommuneplanen. Dersom det ikkje er nye moment, vil administrasjonen tilrå å avslå innspelet.

I kategori 2, nytt innspel, vil administrasjonen tilrå å avslå innspelet med bakgrunn i at ein skal avvise innspel som har kome inn etter 31. oktober 2019.

I kategori 3, justering/flytting av innspel, vil administrasjonen vurdere om innspelet kan kategoriserast som justering, eller om det kan definerast som eit nytt innspel. Dersom administrasjonen vurderer innspelet til å vere eit nytt innspel, vil dei tilrå å avslå innspelet.

I kategori 4 har det kome inn eit innspel der tiltakshavarar ønsker å ta ut att innspelet som dei fekk inn ved 1. gongsbehandling.

Generelle merknader til kommuneplanen vil bli vurdert ved 2. gongs behandling, og blir ikkje omtala no.

Overordna plan

Gjeldande plan er Kommuneplanens arealdel for Gol 2011-2023, vedteke i kommunestyret 06.09.2011 som sak 38/11. Denne er under revidering.

Økonomiske konsekvensar

Ikkje relevant. Dersom formannskapet vedtek å legge inn att nye område i kommuneplanen sin arealdel, vil det vere krav om nytt offentleg ettersyn.

Landbruk og miljø

Landbruks- og miljøkonsekvensar vil vere ein del av vurderinga av innspel som ikkje blir avslått innanfor dei tre kategoriane i saksopplysningane. Jordlova § 9 seier dette om bruk av dyrka og dyrkbar jord:

"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

Fleire av innspela som vart avslått i 1. gongsbehandlinga ligg på dyrkbar mark, og fleire av grunneigarane ønsker at desse områda skal inn att i kommuneplanen. Grunngevinga er ofte at det ikkje er økonomisk lønsamt å dyrke området. Det finst mykje dyrka mark på Golsfjellet. Det viser at dyrking er mogleg, sjølv om det er «høgt til fjells». Dagens samfunnsutvikling viser at Noreg truleg må produsere meir mat i framtida. Då er det dumt å bruke alle dyrkbare område til fritidsbusetnad. Sjølv om det kanskje ikkje er økonomisk lønsamt å dyrke areal i dag, kan det likevel vere lønsamt eller naudsynt i framtida. Bygger ein ned desse områda i dag, vil ein ikkje kunne dyrke der i framtida. Klimaendringane vil også truleg gjere det mogleg å dyrke høgare til fjells i framtida.

Vurdering

Kommunen har ikkje løyst motsegn med Statsforvaltaren i Oslo og Viken og Viken fylkeskommune. Årsaka er at kunnskapsgrunnlaget ikkje var godt nok. Dette gjaldt mellom anna at risiko- og sårbarheitsanalysen ikkje var god nok, og naturmangfald og landbruk var ikkje godt nok vurdert i konsekvensutgreiinga. Dette har administrasjonen jobba med i lang tid, og planmaterialet nærmar seg oppdatert. Når ein skal gå i dialog med Statsforvaltaren og fylkeskommunen er det viktig planmaterialet er så komplett som mogleg. Under offentleg ettersyn kom det inn 21 innspel som føreslår endringar i plankartet som vil medføre nytt offentleg ettersyn. Administrasjonen ønsker at kommuneplanutvalet vurderer kva innspel som eventuelt skal leggest inn i kommuneplanen no, slik at planmaterialet kan bli oppdatert med nye område før dialog med Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Då vil stat og fylke kunne vurdere eventuelle endringar saman med det oppdaterte planmaterialet, og ein kan kanskje spare seg for litt arbeid.

Når dette vedtaket er gjort, må administrasjonen oppdatere plandokumenta og vurdere og analysere dei eventuelle områda som blir lagt inn i kommuneplanen. Deretter kan plandokumenta oversendast til stat og fylke.

- Administrasjonen tilrår å legge følgande område inn i kommuneplanen:
 - Samanhengande skiheissystem på Golsfjellet
 -
- Administrasjonen tilrår å ta følgande område ut av kommuneplanen og tilbakeføre til LNF-område:

- 5.15 GolfAlpin


- Administrasjonen tilrår å avslå resterande innspel.

Under er grunngjeving for administrasjonen sin tilråding. Som nemnd i saksopplysningane blir dei innkomne innspela vurdert etter fire ulike kategoriar:

Kategori 1 – omkamp på tidlegare avslåtte/reduuerte innspel

Det har kome inn fem innspel der tiltakshavarar ønsker omkamp om innspela sine. Dette er innspel som vart avslått enten ved grovsiling av innspel, eller som vart avslått i 1. gongsbehandling. Det er tidlegare gjort vedtak på at desse innspela ikkje skal leggest inn, eller at dei har vorte redusert. Det sentrale i vurderinga er om det har kome nye moment som gjer at innspelet no skal leggest inn i kommuneplanen.

Nummereringa tek utgangspunkt i konsekvensutgreiinga.

Tiltakshavar sine argument:	Administrasjonen sine argument:
<p><i>5.5 Auenhauglie, 27/25 nord, Ellen og Rolf Lien Blakkestad, 24.05.21</i></p> <p>Meiner beslutningsgrunnlaget for å avslå innspelet er tynt og lite velovervegd. Hovudargumentet for avslag er støy frå isbanen. Syner til at isbanen på Tisleia er positivt for stølslaget. Dei fleste hytteeigarar også positive til isbanen. Lite gjennomtenkt at isbanen, som er i drift i berre nokre månader i året, skal vere eit hinder i å drive heilårs næring.</p> <p>Det andre argumentet som blir nemnd er at området er dyrkbart. Det er ikkje lønsamt å dyrke området, og det bør difor ikkje utelukke annan næring som gir alternativt arbeid og inntekt til garden.</p> <p>Viser til at fleire av formannskapet sine medlemmar var positive til å redusere området ned til eksisterande bebyggelse. Vil difor fremme nytt forslag til dette.</p> 	<p>Støyanalysar for isbanen viser at området ligg utanfor støyande område. Det er også streng driftsinstruks for bruk av banen. Ein vil likevel merke støyen frå isbanen. Gol kommune får frå tid til annan klager på støy frå isbanen, men det er sjølvstøtt ikkje heile året.</p> <p>Det at det ikkje er lønsamt å dyrke eit dyrkbart område skal ikkje nyttast som argument for å få lov til å bruke området til annan næring. Dyrkbart areal blir stadig bygd ned. Når området er bebygd vil ein ikkje kunne dyrke der i framtida. Dersom Noreg skal kunne ha ein viss grad av sjølvforsyning, kan ein ikkje bygge ned område berre fordi dei ikkje er økonomisk lønsame å dyrke i dag. Om 50-100 år kan det vere stort behov for matjord, og då er det dumt om alle dei dyrkbare områdene er nedbygd med hytter. Administrasjonen ønsker å minne om jordlova § 9: <i>Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.</i> Dersom området blir nedbygd med hytter, er området ikkje lenger eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Området sin nærleik til innmarksbeite gjer området verdifullt for jordbruksproduksjon i framtida.</p>

Konklusjon:

Det var formannskapet som tok opp støyproblematikken frå Tisleia. Administrasjonen meiner at støy truleg ikkje er hovudproblemet, men det er likevel ein relevant problemstilling. Det som administrasjonen trekk fram er at det er sær s uheldig å bygge ned eit større dyrkbart område, sjølv om det kanskje ikkje er økonomisk lønsamt å dyrke det opp i dag. Dersom ein ikkje dyrkar området i dag, vil det likevel vere mogleg å dyrke det i framtida, så lenge ein ikkje bygger ned området.

I tillegg meiner administrasjonen at området ligg i eit verdifullt stølslandskap som blir forringa ved å etablere eit nytt hyttefelt.

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet då det ikkje har kome inn nye moment.

3.2 Åsgardane, 12/1 og 12/4, Asplan Viak på vegne av Eldstad Entreprenør AS, 27.05.21

Lokalsamfunnet har bruk for steinmassar og kvaliteten på fjellet i området er god. Det har vorte berekna støy, som viser at verdiane er godt innanfor grenseverdiane i lovverket. Administrasjonen la vekt på tilkomst og at vegvesenet har angitt maks årleg uttak på eit anna masseuttak i området. Dette kan ein avklare i reguleringsplan.

Direktoratet for mineralforvaltning tilrår vidareutvikling av eksisterande uttak med tilhøyrande krav til reguleringsplan og driftsplan.

Uttaket er basert på to veker med knusing årleg. Området har godkjent avkøyring, kjente steinkvalitetar, tilfredsstillande støytilhøve, ingen rasfare og er undersøkt for kulturminne. Med bakgrunn i dette ber tiltakshavar om at planutvalet revurderer sitt vedtak 15. april 2021.

Administrasjonen tilrår å ikkje ta området inn i kommuneplan då det ligg nære busetnad og vil skape støy, støv og tungtransport i mange år framover. Sjølv om støyvurderingane viser at støynivået er godt innanfor grenseverdiane, kan eit slikt uttak likevel vere til irritasjon for naboar. Masseuttak bør leggast så langt unna busetnad som mogleg.

Direktoratet for mineralforvaltning tilrår vidareutvikling, men dei krev det ikkje.

To veker med knusing i året er ikkje veldig mykje. Det er ikkje berre i knuseperioden at det vil vere støy.

**Konklusjon:**

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Administrasjonen vurderer at det ikkje har kome inn nye argument.

2.1 Halli, 5/26, Tora Halden og Sven Gøran Bråthen, 07.06.21

Skog har høg bonitet. Einaste grunneigar født på 1900-talet som har teke ut skog i området. Snitt inntening på om lag 1 000 kr. Teoretisk bonitet difor ikkje stor, verken for tiltakshavar eller trelasthandelen.

Det at auka bilkøyning er negativt for forureining, er ein teoretisk problemstilling. Folk kan jobbe andre plassar eller ha heimekontor.


Foreldre står ved «droppen» fem dagar i veka for å levere ungar. Dei med skuleskyss gjer ikkje dette.

Administrasjon har ikkje fått med seg oppdatert leidningsnett frå Hallingdal kraftnett og fiber.

Vegen opp er bratt, men ikkje brattare enn fleire bustadfelt i sentrum. Privat veg, så kommunen blir ikkje lasta.

Næringsutvikling: 5 min lenger unna tomter i sentrum. Merkeleg argument frå ein kommune som sette folk i Herad med barnehageplass på Rotneim. Avstand offentlege tenester er irrelevant då mesteparten skjer digitalt.

Har vore skuleungar i Brenneplassen sidan 1930-talet. Er ungar på 1 år, så det vil vere behov for skuleskyss i minimum 16 år til.



Skogen er registrert med den verdien den har. Administrasjonen skal sjå forbi den enkelte grunneigar, og sjå i eit større perspektiv. Mange slike mindre reduksjonar av skogen vil etter kvart kunne utgjere ein del for trelasthandelen.

Ein brukar nok meir bil når ein bur i grisgrendt strøk. Det er ikkje alle som bur på Gol som jobbar på Gol, men fleirtalet gjer nok det. Ikkje alle kan heller ha heimekontor. Ein må uansett handle, og mange skal køyre ungar på fritidsaktivitetar. Dette innspelet isolert sett vil ikkje føre til veldig mykje høgare klimagassutslepp, men det vil gjere det meir utfordrande å nå klimamåla på sikt.

Det er positivt med oppdatert leidningsnett og fiber. Det må framleis etablerast avløp.

Sjølv om det er bygd brattare i sentrum i fortida, betyr ikkje det at ein skal halde fram med dette i framtida. Både skuleskyss og uttrykking kan vere ein utfordring om vinteren.



Barnehageplass på Rotneim er pussig når ein bur i Herad. Dette kan ha vore ein feil. Med offentlege tenester kan ein gjere mykje digitalt ja. Ein kan likevel ikkje handle mat, gå til tannlege, frisør eller få heimehjelp digitalt. Avstand til offentlege tenester er difor relevant.

Sjølv om det bur ungar der i dag, og det kjem truleg til å gjere det i lang tid framover, betyr ikkje det at kommunen skal legge til rette for fleire bustader utanfor tettstaden.

Konklusjon:

Det er vedteke i samfunnsdelen at bustadbygging med krav om reguleringsplan skal fortrinnsvis skje innanfor tettstaden. Det finst mange regulerte tomter innanfor tettstaden som ligg betre til rette for bustader enn dette området.

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet.

<p><i>4.8 Bualie sør, 13/20, Asplan Viak på vegne av Lars Slettemoen, 30.04.21</i></p> <p>Ber om at området blir lagt inn i kommuneplanen då det er ein naturleg utviding av eksisterande hyttefelt. Grunneigar kan akseptere ein klausul om å dyrke tilsvarende areal ein annan plass dersom han kan nytte arealet til fritidsbusetnad.</p>	<p>Området vart lagt inn i kommuneplanen. Innspelet blir difor ikkje omtala vidare.</p>
<p><i>4.10 Bualie nord, Asplan Viak på vegne av Lars Slettemoen, 13/20</i></p> <p>Ber om at området blir lagt inn i kommuneplan. Ved detaljplanlegging av området vil ein ta omsyn til dei delane av området som har myr.</p> 	<p>Område A, øvst på kartet.</p> <p>Området vart redusert i 1. gongsbehandling for å unngå myr, dyrka mark og dyrkbar mark inntil dyrka mark. Jordlova § 9 seier at dyrka jord ikkje må brukast til formål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon, og dyrkbar jord ikkje må disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Å ta inn att området vil vere i strid med jordlova, og vil truleg bli møtt med motsegn frå stat og fylke.</p> <p>Kommunen har forsøkt å la område med myr ligge inne i kommuneplan, med vilkår om at myrområda ikkje skal byggast på. Kommunen har fått beskjed om å ta myrområda heilt ut. Då vil det ikkje hjelpe å sei at ein skal ta omsyn til delane av områda som er myr. Dette vil truleg bli møtt med motsegn.</p>
<p>Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet om å utvide området, og la det vere slik det var etter 1. gongsbehandling.</p>	
<p><i>4.14 Oset, 23/11 og 23/92, Asplan Viak på vegne av Knut Hesla, 10.06.21</i></p> <p>Innspelet vart forkasta grunna myr. Føreslår å legge inn berre den vestre delen av området som ligg inntil naboeigedomen (innspel 4.10 Bualie nord).</p> <p>Dette arealet er utan myr og ligg inntil område som blir avsett til fritidsbusetnad. Naturleg å samarbeide om infrastruktur. Arealet ligg nær Bualie alpingsenter og vil vere med på å styrke driftsgrunnlaget for skisenteret og øvrige tilbod på Golsfjellet.</p>	<p>Innspel 4.10 Bualie nord vart redusert grunna myr, dyrka mark og dyrkbar mark inntil dyrka mark. Innspel 4.10 går no klar av dette.</p> <p>Den delen av området som ikkje er registrert som myr, er dyrkbart areal, og ligg inntil anna dyrkbar mark som ligg inntil dyrka mark.</p> 
<p>Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet fordi den delen av området som ikkje er myr, er registrert som dyrkbart areal i tilknytning til dyrka mark.</p>	

4.15 Oset, 23/11, Asplan Viak på vegne av Knut Hesla, 10.06.21

Tomtene i eksisterande reguleringsplan er bebygd og grunneigar har bygd teknisk infrastruktur som gjer det enkelt å utvide. Grunneigar har sett i gang med å bygge båtbygg og andre fellestiltak som er positive for både hyttefolk og andre på Golsfjellet.

Forslaget kjem gunstig ut på mange punkt i KU, og det er difor overraskande at konklusjonen var negativ. Ingen raud farge på enkelttema, men vurdert negativt i forhold til landskap og miljø. Området er temmeleg flatt og består av fjellbjørkeskog. Stor avstand til våtmarksområda lenger mot sør.

I KU lagt vekt på at området er dyrkbart og det er løyper i området. Mange eksisterande hytteområde ligg på areal som i teorien kan dyrkast. Frå eit overordna perspektiv er det vanskeleg å sjå føre seg at det verken er økonomisk lurt eller ønskeleg å dyrke små areal relativt høgt til fjells. Kartlaget med «dyrkbart areal» omfattar store delar av fjellet og store delar av områda som blir bygd ut i Hallingdal. Skiløyper og turstiar vil bli take vare på gjennom regulering.

Grunneigar ønsker å vidareutvikle feltet ved å regulere fleire tomter inntil eksisterande byggeområde.

Totalt sett vil utviding av eksisterande felt og bruk av eksisterande vegar samt vatn- og avløpssystem bety mindre inngrep enn å ta hol på nye område.

Grunneigar føreslår å redusere området til aust for traktorstien, som sikrar stor avstand til våtmarksområde og andre naturverdiar. Feltet er i god utvikling og grunneigar ber om at kommunen legg til rette for vidare utvikling.

Det er veldig positivt at grunneigar etablerer fellestiltak som er til gode for heile Golsfjellet, men administrasjonen skal berre vurdere det enkelte området, og ikkje ta omsyn til andre faktorar som ikkje har direkte med innspelsområdet å gjere.

Dette er noko av det mest utfordrande med å talfeste og farge ulike verdiar. I enkelte tilfelle kjem ein heldig ut sjølv om KUen ser negativ ut, medan i andre tilfelle (som her) kjem ein uheldig ut sjølv om KUen ser ok ut. Administrasjonen er samd i at konsekvensen for landskap kan vere sett for negativ.

Det er nok mange hyttefelt som ligg på areal som i teorien kan dyrkast. Det betyr ikkje at vi skal halde fram med dette. Jordlova § 9 seier at dyrkbar jord ikkje må disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Med større usikkerheit rundt sjølvforsyning er det stadig viktigare å ta vare på dei områda som kan dyrkast på. Sjølv om det ikkje er økonomisk lønsamt å dyrke i dag, betyr ikkje det at det aldri vil vere det. Då er det dumt om Noreg bygger ned alt dyrkbart areal. Heile det aktuelle innspelsområdet er dyrkbart, og det ligg inntil dyrka mark. Det betyr at det er mogleg å dyrke meir. Dette er heller ikkje eit lite dyrkbart område.

Det er rett at det er betre å bruke eksisterande infrastruktur enn å ta hol på nye område. I denne kommuneplanprosessen har ikkje Gol kommune teke hol på nokon nye område.

Dersom området blir redusert, vil konsekvensen for våtmarksområde og andre naturverdiar bli litt mindre.



Konklusjon:


Dette er eit litt utfordrande område å vurdere, då det er mykje som ligg til rette for at hytteområdet kan utvidast noko meir, mellom anna veg, vatn og avløp. Området ligg derimot tett på eit større våtmarksområde, og ein plass må ein stoppe. Området er dyrkbart, og ligg tett på dyrka mark – som viser at det er mogleg å dyrke her. Sjølv om ein skulle avslå meir utbygging i dag, betyr ikkje det at utbygging er uaktuelt for all framtid. Dersom ein gir løyve til å bygge fleire fritidsbustader, vil ein aldri meir kunne nytte dette området til matjord.

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet om å ta området inn i kommuneplan. Administrasjonen vurderer at det ikkje har kome inn nye moment.

3.8 Johannesdalen, 12/2, Marianne Dahlen, 13.06.21

Området vart redusert til å gjelde sør for vegen Johannesdalen (raud farge. Blå farge er opphavelig innspel). Grunneigar skriv at området nord for vegen består av uproduktiv skog. Kommunen skriv at mesteparten av dette området er dyrkbart. Området, tilsvarende det på sørsida av vegen og som ligg i tilknytning til opparbeidd løypenett, ønsker grunneigar å få regulert til tomter. Det vil då bli eit samla hyttefelt på begge sider av vegen.

Det er korrekt at kommunen skrev at mesteparten av området er dyrkbart. Dette gjeld på begge sider av vegen. På sørsida av vegen er området derimot omringa av vegar og hytter, som gjer at det ikkje er formålstenleg å dyrke. På nordsida er det betre plass til å kunne dyrke.



Konklusjon:

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet, og la området ligge inne som ved 1. gongsbehandling (med raud farge). Administrasjonen vurderer at det ikkje har kome inn nye moment.

Habbeset, 20/8 og 20/9, SOS Brannconsult på vegne av Frode Bakken og Ingvar Haugen, 14.06.21

Det er stort behov og ønske om fortetting av eksisterande hyttefelt på Habbeset. Grunngevinga er at dersom ein skal kunne legge til rette for sikker infrastruktur for eksisterande hytter, må kostnadane kunne fordelast på fleire einingar. Dette gjeld

Behov for oppgradering av eksisterande infrastruktur skal ikkje vere noko argument for å etablere fleire einingar i eit område. Ved planlegging av nye hyttefelt skal ein legge til rette for høg standard, men det er ikkje noko krav at ein skal gjere det for allereie etablerte felt. Dei som har kjøpt/overteke hytter i

mellom anna fordeling av utgifter til sikker veg (vedlikehald og brøyting), straum og fiber og miljømessig gode avløpsløyser. Fortetting som utløyser betre og sikrere tilkomst vil ha stor beredskapsmessig betydning for nødetatar i akutt situasjon (brann, helse, politi).


Behov for fortetting på Habbeset vart også fremma under planrevisjon i 2008. I svar datert 27. oktober 2008 frå Gol kommune v/spesialkonsulent Lornets Letnes er det vist til mogleg fortetting med fleire tomter innanfor avsett område.

På vegne av grunneigarane, vert det bede om at høyringsmerknaden blir teke til i følgje, og at det aktuelle området på Habbeset vert regulert som fortetting av eksisterande område.

området har gjort det med den standarden som var der på overtakingstidspunktet.

Det er alltid mogleg med fortetting i området, men det er i strid med markagrensa som kom inn i kommuneplanen i 2011.

Markagrensa kom inn fordi Skaraåsen er eit sårbart område.



Konklusjon:

Administrasjonen tilrår å avslå innspellet fordi området ligg innanfor markagrensa.


5.11 Lauvsjø, 35/12, Ola og May Britt Grønseth, 13.06.21

Tiltaket er tenkt knytt opp mot fire bebygde tomter og to ubebygde tomter innanfor ein omkrins på om lag 40 daa og kan sjåast som fortetting og ikkje jomfrueleg.

Omfanget er redusert til fire tomter som i innspellet var 12 tomter. Området er prega av synleg fjell i ein skråning og er ikkje dyrkbart eller eigna som beitareal. Veg blir opparbeidd frå Gamle Hjarthingstølveg og kryssar ikkje areal av dyrkingsverdi. Avløpsanlegg tenkt opparbeidd slik at ei eksisterande hytte og ei tomt kan kople seg mot denne. Eigedom 35/12 er meir enn 200 daa, og har mykje areal som kan gjerdast inn til beite og dyrking, som gjer at dei 7 daa som desse einingane beslaglegg vil vere uvesentleg for drift av eigedomen. Tvert imot kan dette vere eit viktig bidrag til framtidig drift og investeringar.

Sett opp mot anna landbruksareal som vert brukt på andre stølslag, er dette innspellet på om lag 7 daa noko av det minst eigna arealet som blir omdisponert. Areal langs Auenhauglivegen, som høyrer til Lauvsjø, som er utskifta i same periode som dette området, har større landbruksverdi, men likevel fått 40 tomter vidare i planprosessen.

Ein kan diskutere om innspellet er jomfrueleg eller ikkje, då det ligg hytter og vegar i nærområdet. Området vil redusere ein viktig grønkorridor frå Lauvsjøen mot Hemsedal.



Avgjerda om å avslå innspellet er til dels prinsipiell. 12 tomter (4 tomter no) er ikkje eit veldig stort omfang i seg sjølv.

Administrasjonen vurderer likevel at slik utbygging bør skje i tilknytning til eksisterande hyttefelt. Alle innspel som har vorte akseptert i kommuneplanen er i tilknytning til eksisterande hyttefelt eller tett bebyggelse.

7 daa vil vere eit beskjedent omfang.

Administrasjonen forsøker å ikkje vurdere rettferd ved behandling av innspel.

<p>Klar over at jordlova ikkje følger rettferd, men føler seg veldig urettferdig behandla og ofra for at andre skal få med sine innspel.</p>	<p>Administrasjonen har berre sett på om området eignar seg for bebyggelse.</p>
<p>Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet på bakgrunn av at området er dyrkbart og at området til dels er jomfrueleg.</p>	
<p><i>Narveset stølslag, Ola Halvard Jorde på vegne av Narveset stølslag, 12.06.21</i></p> <p>Narveset stølslag hadde planlagt eit felt på 16 hytter i sameiget ved førre revidering av kommuneplan. Markagrensa vart teikna inn i slutfasen, noko stølslaget ikkje visste før planen låg ute på høyring etter 1. gongsbehandling. Då fekk Golsfjellet fleire hytter til fordel av stølslaget.</p> <p>Narveset stølslag meiner dei fleste stølslag har fått tildelt store hytteområde etter 1975. Narveset søkte berre om 16 tomter.</p> <p>Narveset stølslag er veldig skuffa over dette, og tykkjer planutvalet kunne teke synfaring i området. Informasjon og dialog med grunneigarane i ein kommune er viktig.</p>	<p>Markagrensa vart lagt inn i førre kommuneplan. Bakgrunnen for innlegginga er at området er sårbar, og ein skal ta omsyn til friluftsliv, landskap og bevaring av naturmiljø. Det ligg inne ein tilsvarande sone på Golsfjellet.</p> <p>Administrasjonen har forståing for at stølslaget er skuffa, men kan diverre ikkje ta stilling til rettferd i vurdering av enkeltområde. Golsfjellet og Skagahøgdi er vald ut som satsingsområde for reiseliv i samfunnsdelen. Då er det naturleg at kommunen satsar på desse områda.</p> <p>Tilstrekkeleg informasjon og dialog er alltid ein utfordring i ein kommuneplan, og er noko kommunen vil tilstrebe å bli betre på.</p>
<p>Konklusjon: Administrasjonen står inne for at markagrensa bør bevarast, og at ein ikkje skal tillate nye einingar innanfor den.</p>	


Kategori 2 – nye innspel

Denne kategorien gjeld for innspel som kom ved offentleg ettersyn, og som difor ikkje vart behandla ved 1. gongsbehandling av kommuneplanen. Alle desse innspela har difor kome etter 31. oktober 2019, som kommuneplanutvalet sette som absolutt frist for nye innspel.

<p><i>Golberg, 25/4, Ingar Dalen på vegne av Kjetil Golberg, 26.05.21</i></p> <p>Området ligg i tilknytning til ein gamal pelsdyrfarm, om lag 1,5 km aust for Fuglehaugen. Tiltakshavar ønsker å legge til rette for 20-25 mindre hytter innanfor området. Området er avsett til LNF i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Drifta vart lagt ned i 2021, då Stortinget vedtok at denne type næring skulle leggest ned i Noreg. Anlegget vil bli fjerna i næraste framtid. Området er etablert med brønnhol for vassforsyning og med kort avstand til</p>	<p>Området består av bygningar etter pelsdyrfarm og skog. Delar av skogen er rettnok hogd. LNF i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Det er nok forhold som gjer at området kan ligge til rette for hytter i framtida, med vatn og kort avstand til straum. Området er heller ikkje dyrka eller dyrkbart, og skogen i området har låg bonitet. Området er heller ikkje utsett for naturfare.</p>
---	--

straum. Reinseanlegg kan etablerast der bygningane etter pelsdyrfarmen står i dag.

Området er ikkje utsett for naturfare, verken skred eller flaum.




Området ligg derimot utanfor satsingsområde for reiseliv i Gol. Området ligg heller ikkje i umiddelbar nærleik til skiløyper eller turstiar.

Konklusjon:

Administrasjonen tilrår difor å avslå innspelet då det kom etter 31. oktober 2019.

Samanhengande skiheissystem på Golsfjellet, Asplan Viak på vegne av Lars Slettemoen, 30.04.21

Det har vore ønske om å få til samanhengande skiheissystem på Golsfjellet i mange år. Dette skjer ved å kople saman Storefjell Skisenter og Golsfjellet Alpinsenter Bualie. Ein manglar to mindre heisar for å realisere dette. Ein må kunne nytte same botnstasjon for begge heisane. Areal for både heis og nedfart må inn i kommuneplan. Samanhengande alpinheisar og nedfartar vil styrke Golsfjellet som destinasjon og kople saman heile denne delen av Golsfjellet.



Det er dumt at dette innspelet ikkje kom i den ordinære innspelsrunden, då dette kan vere eit viktig innspel for Golsfjellet. Det finst ein del utfordringar ved innspelet. Innspelet vil kunne tette den siste store grøntkorridoren mellom Bjødnaie og Bualie. I den nordlege delen av området er det myr og fleire bekkar. Dersom området skal leggst inn i kommuneplanen bør ein lage strenge føringar for området. Ein bør mellom anna sikre at ein ikkje skal etablere installasjonar på myr, som heisbuer og stolper til skiheis. Ein bør og sikre at det blir gjort minst mogleg inngrep ved etablering av slalåmløyper.

Innspelet har ikkje vorte konsekvensutgreidd endå.


Konklusjon:

Innspelet kom under offentlig ettersyn. Det nærliggande hadde difor vore å avslå innspelet då det kom etter tidsfristen for innspel. Dette innspelet skil seg derimot frå andre arealinnspel ved at det kan ha stor samfunnsnytte for heile Golsfjellet. Ein samanbinding av skiheisane på Golsfjellet vil gjere alle skiheisane meir attraktive då ein får mykje større areal å boltre seg på.

Administrasjonen tilrår å legge inn området i kommuneplanen då innspelet har stor samfunnsnytte for Golsfjellet. Dersom ein legg området inn i kommuneplanen vil ein truleg måtte legge den ut på nytt offentlig ettersyn. Innspelet må konsekvensutgreiast.

Bualie, areal utegløynd frå kommuneplan, 13/20, Asplan Viak på vegne av Lars Slettemoen, 30.04.21

Raudt areal i gjeldande reguleringsplan er regulert til «annet byggeområde» men er utegløynd frå kommuneplan. Arealet må takast med som eksisterande byggeareal, då det er regulert frå før.



Det er rett at området ikkje ligg inne i kommuneplan. Området låg inne i kommunedelplan for Golsfjellet, men ligg ikkje inne i gjeldande kommuneplan (frå 2011).

I føresegnene til reguleringsplan står det «Området avsatt til fremtidig utbygging». Det står ingenting om kva type utbygging. Det er krav om reguleringsplan for området.

Nesten heile området består av myr.

Konklusjon: Administrasjonen tilrår å ikkje legge området inn i kommuneplanen fordi nesten heile området består av myr.


Skagahøgdi, 30/3, Aliviate AS på vegne av Gunhild Hulbak, 14.06.21

Ønsker å legge til rette for om lag 15-20 frittliggende einingar nord for (og inntil) regulert område på Skagahøgdi. Dette kan definerast som ein naturleg og moderat utviding av eksisterande hytteområde nordover.

Området har jamn austleg eksponering med helning på 1:5 – 1:4. Ikkje påvist kvikkleire. God berggrunn, men føresett lokal drenering grunna noko innslag av myr. Området tek i bruk eksisterande infrastruktur. Vatn og avløp kan løysast ved tilkopling til fellesanlegg med naboområdet, alternativt eigen vassforsyning med brønnboring og eiga felles reinseanlegg.

Positivt med nærleik til Skagahøgdi. Godt eigna for utviding.

Kan karakteriserast som moderat utviding ja. Ut ifrå eksisterande infrastruktur kan innspelet ligge til rette for utviding av eksisterande hyttefelt. Det er likevel nokre utfordringar med vatn og avløp i området. Mellom anna er det avgrensa kapasitet i Spildra til å ta imot avløpsvatn. I framtida er det aktuelt å kople Skagahøgdi til kommunalt avløpsanlegg.



<p>Tilhøva viser at området er særst godt eigna for etablering av ny fritidsbusetnad. Nærleik til eksisterande fritidsbusetnad og skisenter understrekar dette. Heimelshavar vil med innspelet signalisere at det vil bli fremja eit planinitiativ, dette uavhengig av om området blir teke inn i KP.</p> <p>Vil på det sterkaste be om at dette innspelet blir med, for å unngå potensielle motsegn frå offentlege mynde når arbeid med detaljregulering blir påbegynt. Årsaka til at innspelet kjem seint er at grunneigar ikkje var kjend med den pågåande rulleringa.</p> <p>Underteikna plankonsulent er av den oppfatning at den omsøkte formålsendinga er av såpass beskjedent omfang at den ikkje medfører nytt offentleg ettersyn.</p>	<p>Området ligg til dels godt til rette for fritidsbusetnad. Som nemnd over er det nokre utfordringar med kapasitet på avløp. Det er eit lite myrdrag som går litt inn i det vestre området. Dette kan ein truleg unngå. Dersom dette innspelet blir forkasta, vil administrasjonen truleg vere negative til eit planinitiativ, då det vil vere i strid med overordna plan. Det at grunneigar ikkje var kjend med den pågåande rulleringa legg administrasjonen ikkje vekt på.</p> <p>Administrasjonen er ikkje samd i denne vurderinga. Dette er etter signal frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen.</p>
<p>Konklusjon:</p> <p>Administrasjonen tilrår å avslå innspelet med bakgrunn i at det kom etter 31. oktober 2019.</p>	
<p><i>Tisleia – båtbygger, Asle Bråtalen, 14.06.21</i></p> <p>I UNN-sak 44/15 gav UNN avslag på søknad om etablering av flytebrygge i Tisleifjorden. I vedtaket vart det presisert at flytebrygge og maritimt anlegg skal vurderast gjennom revisjon av kommuneplan.</p> <p>I kommuneplan er ikkje flytebrygge/båtbygge/båthamn nemnd. Her må planarbeidet følgje opp vedtak frå 2015.</p>	<p>Flytebrygger kan vere gode tiltak for allmenta, dersom dei er tilgjengelege for alle. Samtidig kan ein ikkje etablere flytebrygger kvar som helst. I dag er det avsett areal til småbåthamn ved Oset, og det er område avsett til friområde nord for Glomsrud.</p> <p>Administrasjonen er usikker på kor det eventuelt er ønske med fleire flytebrygger.</p>
<p>Konklusjon:</p> <p>Det hadde vore fint om dette kom med i innspelsrunden til kommuneplan. Administrasjonen er usikre på korleis slike sakar skal plukkast opp i kommuneplanprosessen utan at dei bli minna på det.</p> <p>Administrasjonen tilrår ikkje å gå i gang med utgreiingar for flytebrygger langs Tisleia.</p>	
<p><i>Oset hyttefelt, Tisleia, 23/11, Asplan Viak på vegne av Knut Hesla, 15.11.21</i></p> <p>Området (blått område på bilete under) består av fjellskog dominert av bjørk og einer med innslag av gran og furu. Grenser inntil eksisterande hyttefelt på Oset, der det er stor byggeaktivitet.</p> <p>Området kan kople seg til eksisterande vatn, avløp og straum utan unødig konsekvens for miljø i samband med framføring.</p> <p>På gardskart.no er området registrert som «annet markslag». Med andre ord særst</p>	<p>Området kan vere eigna for utviding, grunna enkel tilknytning til eksisterande infrastruktur. Området ligg inntil eit framtidig masseuttak i nord. I dag er det om lag 250 meter til dette masseuttaket. Dersom dette innspelet skal akseptast vil bufferen til masseuttaket forsvinne. Det er ikkje sikkert alle vil vere nøgd med å ha hytte inntil eit masseuttak.</p> <p>Området er dyrkbart og ligg inntil dyrka mark. Sjølv om det ikkje er realistisk eller samfunnsøkonomisk lønsamt å dyrke området</p>

avgrensa landbruksverdi. Området er dyrkbart, som store delar av Golsfjellet. Ikkje realistisk eller samfunnsøkonomisk lønsamt å dyrke.

i dag, kan det vere det i framtida.





Konklusjon:

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet då det kom inn 15.11.2021, som til og med er etter høyringsfristen til offentleg ettersyn. I tillegg er området dyrkbart, og ligg inntil dyrka mark. Området ligg og inntil eit framtidig masseuttak, noko som kan skape konflikt med dette.

Storefjell, 24/65, HRP på vegne av Storefjell, 26.04.21

Når ein ser førebels plankart for arealdelen, ser det ut til at plankartet ikkje er teikna rett på Storefjell. Det er viktig at heile planområdet blir teikna inn som byggeområde.



Plankartet i dette området er vidareført frå førre kommuneplan. Byggeformål i kommuneplan (sjå bilete øvst til venstre) tilsvarar byggeformål i reguleringsplan (sjå bilete under til venstre). Dei grønne LNF-områda innanfor områdeavgrensinga er regulert til grønstruktur og parkering (den horisontale grønne stripa nord i området i KP er «flyplassen»). Storefjell har ønske om å justere området, men dei er i dag låst av kommuneplanen. Dei har ingen ønske om å bygge meir enn kva dei har lov til i reguleringsplanen i dag, men dei kunne tenkt seg meir fridom til å utforme området på ein god måte.

Administrasjonen har forståing for at kommuneplanen gir handlerom. Området er regulert, og det er ingen urørt natur som vil gå tapt.

Administrasjonen har fått beskjed av fylkeskommunen at ein slik endring vil medføre krav om KU og nytt offentleg ettersyn.

Konklusjon:

Administrasjonen er av den oppfatning at dette innspelet bør avisast dersom kommuneplanen ikkje skal ut på nytt offentleg ettersyn. Dersom kommuneplanen uansett skal ut på nytt offentleg ettersyn, tilrår administrasjonen at området blir lagt inn i kommuneplanen. Det vil vere viktig å sikre at dei ikkje kan bygge meir enn i dag. Viss formålet er å bygge meir, vil administrasjonen oppfatte innspelet som eit nytt innspel.

Kategori 3 - Justering/flytting av tidlegare avslått/redusert innspel

Denne kategorien omfattar innspel som har vorte avslått med ulik grunngjevnad. Tiltakshavar ønsker å flytte/justere desse innspela slik at dei no kan passere føringane kommuneplanutvalet tidlegare har vedteke.

Administrasjonen oppfattar dette som nye innspel.


Narveset, 26/18, Ole Vidar Liahagen, 13.06.21

Då Narveset sameige sitt innspel vart avslått grunna markagrensa, som av ein eller annan grunn vart lagt inn på deira eigedom utan at dei fekk uttalt seg, ønsker tiltakshavar å kome med eit nytt innspel på sin eigen eigedom.

Ønsker fire hyttetomter ved sida av eit eksisterande felt med fire hyttetomter som vart tildelt i 1985. Dei nye tomtene er ein fortetting av eksisterande felt då dei blir liggande mellom eigen eigedom og naboegedom (17/70) sitt tomtefelt i same reguleringsplan. Vil nytte same avkøyring. Plasseringa er utanfor markagrensa.

Nærmar seg gardsoverdraging til neste generasjon, og det vil vere av stor betydning for denne prosessen at desse tomtene kan bidra til ein god gardsoverdraging.

Vil minne om at det ikkje er tildelt tomter gjennom arealplanar sidan 1985 på Narveset.



Markagrensa vart lagt inn i kommuneplan i 2011 for å skåne sårbar natur på Skaraåsen. Det kom inn merknader frå grunneigarar på Skaraåsen til markagrensa. Det har difor vore høve til å uttale seg. Innspelet på Narveset vart avslått grunna markagrensa.



Området ligg innanfor eksisterande LNF spreidd fritidsbusetnad, som er område der ein kan gjere tiltak på eksisterande bebyggelse, men ikkje etablere nye einingar. Innspelet er ein mild utviding. Som tiltakshavar skriv, vil området ligge mellom to regulerte område (sjå bilete under). Det er difor ikkje jomfrueleg areal. Heile området, og eit større område rundt, er dyrkbart.

Området ligg omtrent inntil innspelet under, Narveset, 17/70.



Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet då det blir opplevd som eit nytt innspel, og at heile området er dyrkbart. Bør uansett sjåast i samanheng med innspelet under, Narveset, 17/70.

<p><i>Narveset, 17/70, Ola Halvard Jorde 12.06.21 og supplement frå Puls arkitekter AS, 31.05.22</i></p> <p>Ønsker å utvide/fortette eksisterande hytteområde. Har hatt tre godkjente hyttetomter sidan 1975. Då eigar tok over garden, vart desse tomtene fordelt på syskena. Snart skal ny generasjon ta over, og når ein ser kor store verdjar ein landbrukseigedom har, må ein dele med sysken på ein fornuftig måte. Ynsker difor å utvide hytteområdet med fire tomter, slik at ein kan lage ein felles plan på sju tomter.</p> <p>Dyrka mark og beite ligg nedanfor desse tomtene. Garden har ikkje fått tildelt nye tomter sidan 1975, kanskje ein av dei få i Gol. Stiller gjerne på synfaring om planutvalet ønsker det.</p> <p>Området ligg ved markagrensa. Denne følger ingen naturgitte formasjonar eller grenser, og verkar noko vilkårleg sett. Ønsker difor å justere markagrensa litt. Nytt område er føreslege utanfor våtdrag/myr. Området eignar seg godt til utbygging, med god tilkomst og fleire vedtekne feltutbyggingar i nærleiken. Det er store fordelar å tillate utbygging i område som dette. Andre stølslag har tidlegare fått frådelt tomter, og det er difor rimeleg at det også kan førast opp fritidsbustader også her som tilhøva ligg så godt til rette.</p> <p>I forslaget er det lagt opp til tilkomst frå sør og Smylistølvegen, som er tilkomst, vil medføre kor tilkomstveg. Det er og eit alternativ frå nord. Denne løysinga vil medføre lenger vegstrekning, men ein unngår vegtilkomst gjennom markagrensa.</p> <p>Det vil bli lagt opp til låg bebyggelse som ligg godt i terrenget utan store inngrep som skjæring og oppfylling av tomter. Vil bli nytta naturmateriale og avdempa fargebruk, slik at ny bebyggelse vil vere lite synleg frå avstand og tilpassa omgjevningane godt.</p>	<p>Puls arkitekter AS i brev datert 31.05.2022 supplert Ola Halvard Jorde sitt innspel datert 12.06.2021 med litt betre teikningar og grunngjeving. Administrasjonen har akseptert dette, og innspelet blir vurdert til at det kom ved offentleg ettersyn.</p> <p>Det ligg tre godkjente tomter i direkte tilknytning til området.</p> <p>Det er store verdjar knytt til landbrukseigedom, men dette er diverre ikkje noko administrasjonen skal ta omsyn til. Administrasjonen skal berre ta omsyn til om området er eigna for fleire fritidsbustader.</p> <p>Området er ikkje omfatta av dyrka mark, men det er store, samanhengande dyrkbare område på Skaraåsen. Heile området er dyrkbart. I framtida kan dette vere eit særskild verdifullt landbruksområde for Gol.</p> <p>Det er vanskeleg å setje slike grenser heilt eksakt, og ein kan alltid diskutere om markagrensa kunne/burde gått ein annan plass. Samtidig er den lagt der den er lagt.</p> <p>Sjølv om det kan vere «store fordelar» med å tillate utbygging i område som dette, vil det vere større fordelar å ikkje tillate utbygging her, grunna store område med dyrkbar mark.</p> <p>Konkret tilkomst vil vere mest relevant å vurdere på reguleringsplannivå. Det er ønskeleg å beslaglegge minst mogleg areal til veg.</p> <p>Området ligg omtrent inntil innspelet over, Narveset, 26/18.</p>
--	--




Konklusjon:

Administrasjonen tilrår å avslå innspelet då det blir opplevd som eit nytt innspel, og at heile området er dyrkbart. Bør uansett sjåast i samanheng med innspelet over, Narveset, 26/18.

Nystølfjellet, Asplan Viak på vegne av Nystølfjellet AS, 11.06.21

Hoftun sameige sendte inn innspel i samband med revisjon av KP. Innspelet var noko upresist mtp. ønskt fortettingsområde, og det vart presisert at dei ville kome attende med nærare vurderingar dersom ønskeleg før vidare behandling av arealdelen.

I grovsilinga vart innspelet forkasta basert på ein misforståing med tanke på beliggenheit av fortettingsområdet. Grunngeving frå kommunen for å avslå innspelet er knytt til området sør for stien («Heimvegen») mellom Svilestølane og Vardhovd, eit område som ligg innanfor omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø. Det er ikkje dette området som er ønskt vurdert til utviding/fortetting, men området nord for «Heimvegen» (sjå bilete under).



Hoftun sameige vart fyrst gjort kjend med kommunen sin vurdering av feil område i brev 25. juni 2020. I kontakt med kommunen vart dei tilrådd å vente til offentlig ettersyn.

Administrasjonen skal ta sjølvkritikk for at dei ikkje tok kontakt for nærare vurderingar. Administrasjonen vurderte at innspelet var i strid med overordna føringar, og difor burde forkastast.

Kartet under var vedlagt innspelet til KP, og skildringa var: «Foreslått område ligger sør for dagens regulerte område, men det kan også være aktuelt å legge andre mindre område inntil gnr 4 bnr 150. Asplan Viak vil gjennomføre en analyse av egnethet for nye områder omkring dagens regulerte område, men dette er ikke klart til fristen for innspill til kommuneplanen».




Administrasjonen opplever at det er lite samsvar med teksten og kartet i det opphavslege innspelet (over), og innspelet ved offentlig ettersyn (til venstre). I innspelet til KP stod det «sør for dagens regulerte område», medan ved offentlig ettersyn er det «området nord for Heimvegen». Kartet ved offentlig ettersyn (til venstre) er på motsett side av kva som vart skildra i opphavslege innspel.

<p>Nystølfjellet AS har klargjort og seld 65 tinter sidan 2008, og dei siste er snart klargjort. Har bidrege med betydeleg verdiskaping i lokalsamfunnet med bruk av lokale handtverkarar og entreprenørar.</p> <p>Resten av innspelet er skildring av området:</p> <p>Innspelet er fortetting/utviding av eksisterande utbyggingsområde med utnytting av eksisterande infrastruktur. Innspelet varetek myr og vassdrag. Det er ikkje utbygging i bratt terreng eller eksponert område. Gode utsikts- og soltilhøve. Varetek god grønstruktur, nærleik til rekreasjonsområde, utvikling av område med attraksjonskraft.</p> <p>Førebels utbyggingsområde er samla på om lag 450 daa, med eit potensial på om lag 100 hytter.</p> <p>På vegne av Hoftun sameige ber dei Gol kommune om å revurdere deira innspel, og at presiseringar og suppleringar som framkjem i denne sendinga blir teke med i vurderinga.</p>	<p>Slik innspelet er utforma ved offentleg ettersyn, varetek det kriteria kommunen sette for å kunne legge inn nye område i kommuneplan. Nord/vest for eksisterande bebyggelse kan ein enkelt unngå myr, og området er ikkje dyrka eller dyrkbart. Ein kan nytte eksisterande infrastruktur, sjølv om ein må pårekne oppgradering av avløpsanlegg.</p>
<p>Konklusjon:</p> <p>Det viktigaste spørsmålet her er om ein vurderer innspelet ved offentleg ettersyn til å vere eit nytt innspel, eller om det er ein presisering av førre innspel.</p> <p>Administrasjonen oppfattar innspelet ved offentleg ettersyn som eit nytt innspel, då skildringa og kartet er heilt annleis det opphavelige innspelet. Sett bort frå det, ser det ut til å ligg godt til rette for utviding med fleire fritidsbustader (med atterhald om at administrasjonen ikkje har gjennomført KU).</p> <p>Administrasjonen tilrår å avslå innspelet, då det blir vurdert som eit nytt innspel som kom inn etter 31. oktober 2019.</p>	

Kategori 4 – fjerning av innspel

<p><i>5.15 GolfAlpin, Ingar Dalen på vegne av Hemsedal Hyttetomter AS, 10.05.22</i></p> <p>I samband med at Hemsedal Hyttetomter AS har sendt inn detaljregulering av området GolfAlpin F12, planID 2019003, ønsker dei å trekke sitt innspel til kommuneplan.</p>	<p>Det er ikkje grunngjeve årsak til at Hemsedal Hyttetomter ønsker å trekke innspelet sitt. I samband med 1. gongsbehandling av reguleringsplan for GolfAlpin F12, vart det lyfta opp ein problemstilling med avløp.</p> <p>Dersom dette innspelet blir lagt inn i kommuneplanen, vil tettbebyggelsen i GolfAlpin (på begge sider av kommunegrensa) overstige 2 000 PE. Då vil det trå inn andre reglar for utsleppsløyve, og Statsforvaltaren vil bli forureiningsmynde. Det var difor ein frykt at F12 ville hamne innunder det strengare regelverket, sidan F12 kunne bli</p>
--	---

	<p>direkte samanbunden med resten av GolfAlpin via dette innspelet til kommuneplan. For å få gjennom reguleringsplanen ønske difor Hemsedal Hyttetomter å trekke innspelet til kommuneplan. Administrasjonen sendte brev om dette til alle grunneigarane innanfor innspelsområdet. Ingen responderte på brevet.</p> <p>Reguleringsplanen er klar for å vedtakast, og det var ingen motsegn til planen. Ein kan då vurdere om det er ønskeleg å ta ut området frå planen.</p> <p>Ein kan sei at dette området ligg godt til rette for utviding av fritidsbustad. Det er stor avstand til både dyrkbar og dyrka mark og skogen har låg bonitet. Det er heller ikkje registrert spesiell natur inne i området. Det er observert ein tiurleik i nærområdet. Området er også såpass stort at det uansett vil ha konsekvensar for naturmiljø.</p> <p>Ein av fordelane med å ta ut området frå kommuneplanen er at det totale omfanget med nye fritidsbustader i kommuneplanen vil bli noko mindre.</p>
<p>Konklusjon:</p> <p>Administrasjonen tilrår å ta området ut av kommuneplanen. Årsaka er at tiltakshavar sjølv har bedt om det, og det totale omfanget med nye fritidsbustader i Gol vil dermed bli mindre. Dette kan vere positivt i dialog med Statsforvaltaren og fylkeskommunen.</p>	

Konklusjon:

Etter at alle innspel er gjennomgått, vurderer administrasjonen at *Samanhengande skiheissystem på Golsfjellet* bør leggest inn som nytt område i kommuneplan. Dette vil truleg medføre nytt offentleg ettersyn. Administrasjonen vurderer at dette er eit samfunnsnyttig formål som er viktig for heile Golsfjellet. Dersom kommuneplanutvalet vel å legge kommuneplanen ut på nytt offentleg ettersyn, tilrår administrasjonen også at justering for *Storefjell, 24/65* blir lagt inn i kommuneplanen på vilkår av at dei ikkje kan bygge meir enn i dag. Alle andre innspel blir avslått, og 5.14 GolfAlpin blir tilbakeført til LNF-område.

15. september 2022

Hanne Cecilie Nes
avdelingsleiar utbyggingsavdelinga

Svein Eide
kommunalsjef samfunn og utvikling